sognnæring

Sogndal 01.12.2020

Sogndal kommune

# RAPPORT VEDRØRANDE KOMMUNALT NÆRINGSFOND SOGNDAL KOMMUNE 2020

## Status

Det er handsama 49 søknadar, og det er fatta administrative vedtak om støtte i 36 saker*, 2 saker har fått støtte etter handsaming i formannskapet**:

| Prosjekt | Søkjar | Vedtak tilskot | |
|---|---|---|---|
| Støtte til hovslagarkompetanse | Ørjan Slinde | 29 500 | * |
| Søknad om stønad til Miljøfyrtårnsertifisering | NCOM SOGN | 30 000 | * |
| Utvikling av naturbaserte og bærekraftige gruppeturar | Fotefar temareiser AS | 180 000 | * |
| Digitalisering og netthandel | Sognefjord Kaffibrenneri | 54 000 | * |
| Søknad om støtte etter corona | Pryd og brukskunst as | 50 000 | * |
| Utvikling av ny emballasje til gårdsprodukter | Amble Gard | 23 200 | * |
| Fjærestad Gardsbakeri | Ranveig Sætre | 24 000 | * |
| Søknad Visit Sognefjord AS | Visit Sognefjord AS | 200 000 | ** |
| Etablering og kompetanseheving | Hove takst og byggrådgiving AS | 40 000 | * |
| TV sendingar | Hallo Sogn TV | 7 500 | * |
| Sal av produkt til privatmarknaden | PGP AS | 18 125 | * |
| Lokel Bikes - Business development | Sogn Elsykkel AS | 48 000 | * |
| Arbeidsflåte og brygge | Fjærland Guiding | 100 000 | * |
| Digitalisering av grunnkurs i HMS for verneombod | Bedriftshelse1 | 100 000 | * |
| Videreutvikling kajakk-tilbod | Full Damp AS | 17 250 | * |
| Turismens Flaggskip | Fjordhusky | 50 000 | * |
| Skadetaksering | Byggmester Lerheim Taksering as | 19 125 | * |
| Sognefjord Tours | Maritime Investments AS | 31 500 | * |
| Kundeinnsyn som gir kundeoppleving | Dragsvik Fjordhotell | 76 000 | * |
| Vidareutdanning innan beauty salong konseptet. Investering i behandlingsstolar. | Lisset Beauty Salong | 13 000 | * |
| Søknad om støtte til Miljøfyrtårn | FS Anlegg as | 25 000 | * |
| Søknad om støtte til utvikling av kafe og suvenirbutikk | Norsk Bremuseum & Ulltveit Moe senter | 230 000 | ** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Søknad om støtte til bedriftsutvikling | Fimreite Bergboring AS | 60 000 | * |
| Spring | Vegard Aasen | 15 000 | * |
| Opprusting av Fjordkroa Leikanger AS - få folk til å nytta Fjordkroa meir | Fjordkroa Leikanger AS | 42 000 | * |
| Søknad til midlar til bedriftsutvikling | Uteplassen Sogndal AS | 40 000 | * |
| DTG markedet | Grafa T-skjortetrykkeri AS | 16 000 | * |
| Utvikling av nye sals- og marknadsstrategiar for auka sal mot sluttkundar | Skald AS | 179 500 | * |
| Barne- og familiedestinasjon Sogndal | Vesterland Feriepark | 200 000 | * |
| Investeringer utstyr jus og siderproduksjon | Norane Fruktgard AS | 99 600 | * |
| Lokal forretnings- og produktutvikling | Fjellaktiv | 28 050 | * |
| Kulturscene i Fjærland | Stiftinga Den norske bokbyen | 24 500 | * |
| Investering i nytt kassesystem og oppgradering nettbutikk | Rekop AS | 56 972 | * |
| Utvikling av eigen applikasjon | Quality Hotel Sogndal | 89 000 | * |
| MIljøhotellet | Huseby Hotelldrift AS | 76 488 | * |
| Streaming tjenester | Øyre lyd AS | 64 000 | * |
| Digitalisering - Take-awayCatering | Full Damp | 8 250 | * |
| Kompetanseutvikling | Rekkje Stiutvikling AS | 74 953 | * |

Fordelt på dei 38 søknadane er det løyvd 2.440.513 kr frå det kommunale næringsfondet. 5 søknadar har blitt trekt av søkar. 4 søknadar er avslege, medan 2 søknadar med totalt omsøkt 300.000 kr vart ikkje handsama fordi fondet var tomt.

**Oppdraget**

Formannskapet i Sogndal kommune gjorde i møte den 22.7.20 fylgjande vedtak i sak 73/2020:

1. Formannskapet godkjenner «Retningslinjer for kommunalt næringsfond 2020 i Sogndal kommune» slik dei ligg føre.
2. Midlane skal lysast ut med ein gang, og søknadar fordelast etter fylgjande nøkkel:
    1. 60% til verksemder heimehøyrande i Sogndal innan dei næringane som er prioriterte i retningslinjene
    2. 20% til prosjekt med regionalt nedslagsfelt og med prosjekteigarar frå minst to kommunar
    3. 20% til mobilisering til utviklingstiltak og fellesprosjekt (kurs, opplæring, tilrettelegging, forstudie osb.)
3. Det vert gjevne fylgjande fullmakter:
    1. Inntil 200.000 delegert til administrasjonen i Sogndal kommune.
    2. Søknadsbeløp over 200.000 delegert til formannskapet.

I formannskapet 03.09.20 vart vedtaket frå 22.07.20 kjend ugyldig og saka sendt til kommunestyret 10.09.20. Kommunestyret gjorde likelydande vedtak som formannskapet 22.07.

Sogn Næring vart etter vedtak i formannskapet 22.07. bedne om å ta seg av mykje av det praktiske arbeidet med det kommunale næringsfondet. Sogn Næring har hatt ansvar for utlysing, søknadsadministrasjon, mobilisering og sakshandsaming.

Administrasjonen i Sogndal kommune har fatta vedtak og sendt ut informasjon om vedtak til søkjarar.

Det har vore lagt vekt på effektiv forvaltning av fondet, med utlysing av midlane allereie 27.07.

I handsaminga av søknadar har ein hatt følgjande styringsdokument:

- Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følge av covid-19-utbruddet» (KMD)
- Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler (KMD)
- Retningslinjer for kommunalt næringsfond i Sogndal kommune (vedteke i formannskapet sak 73/2020 den 22.7.20).

I tråd med «Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følge av covid-19-utbruddet» har det i vurderinga av søknadane om tilskot særskilt blitt lagt vekt på

- i kor stor grad tiltaket fremja auka aktivitet, sysselsetjing og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial
- i kor stor grad bedriftsretta tiltak, tilskot til etablerarar og andre næringsretta tiltak antas å motverke negative verknadar av covid-19-utbrotet
- kor raskt tiltaket kan setjast i gang.

Ein har også vurdert om dei offentlege midlane vil påverke konkurransesituasjonen i marknaden. Tilskotet har verte gjeve i samsvar med EØS-regelverket og reglar for bagatellmessig støtte.

Vedtaket frå kommunestyret er tolka slik at ein administrativt har fullmakt til å løyve inntil 200.000 kr, dette også i saker der *søknadsbeløp* er høgare.

Av prosjekt med med regionalt nedslagsfelt har det berre kome inn ein søknad, søknaden frå Visit Sognefjord som formannskapet handsama den 08.10.2020. Det har ikkje kome inn søknadar som er definert som *mobilisering til utviklingstiltak og fellesprosjekt (kurs, opplæring, tilrettelegging, forstudie osb.).* Administrativt har ein difor vald å halde fram med å løyve midlar til gode bedriftsutviklingstiltak etter at dei 60% som vart avsett til dette var nytta.

Det har vore utfordrande å handsame søknadar fortløpande. Ein misser høve til å setje saker opp mot kvarandre og gjere prioriteringar. Det er imidlertid gode attendemeldingar frå søkjarar som får raske svar, og vi meiner at sakshandsaminga likevel har vore forsvarleg.

Det er umogeleg å måle effektar av fondet so langt. Fondsmidlar er imidlertid eit særs nyttig verktøy for å motivere bedrifter til å tenke utvikling. Sogn Næring sin bedriftskontakt i sommar/haust har vore omfattande og mykje av aktiviteten kan knyttast til mobilisering til prosjektaktivitet

For Sogn Næring AS

| | |
|---|---|
| Torgeir Skålid | Gunn Cecilie T. Hundere |
| *Dagleg leiar* | *Seniorrådgjevar* |